



Notat

Dato: 13.10.2015
Arkivsak: 2015/5010-3
Saksbehandlar: venbar

Til: Opplæring- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Utfyllande notat – Helsefremjande skule

Pilotprosjekt Helsefremjande skule

Fylkesrådmannen viser til møtebok frå møtet i Opplærings- og helseutvalet 29.09.2015 vedkommande. sak **RS 35/15** *Vurdering av samanheng mellom trivsel/elevmiljø og fråfall ved skular som har tilbod om skulemåltid*, og saksprotokoll med vedtak i same sak:

«Opplærings- og helseutvalet ber om utfyllande notat til neste møte».

Saka omhandlar *pilotprosjektet Helsefremjande skule* som vart omtala i siste avsnitt av **RS 35/15**: *Hordaland fylkeskommune v/opplæringsavdelinga startar hausten 2015 eit pilotprosjekt på fire skular for å utvikle desse til helsefremjande skular. Dette er del av folkehelsearbeidet i fylket, og kosthald, fysisk aktivitet og psykisk helse er dei tre satsingsområda til prosjektet. Her vil modellar prøvast ut, og samarbeid med Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet vil vere viktig. Gjennom dette samarbeidet vil fylkeskommunen og skulane få kjennskap til den forskinga som senteret er i gang med, og resultatane av denne.*

Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune har som mål å utvikle ein helsefremjande skule for alle. Ein helsefremjande skule er ein skule som arbeider for å oppnå betre helse, auka trivsel og læring, skaper gode undervisnings- og læringstilhøve og stimulerer elevane til ein gunstig livsstil når det gjeld eiga helse.

Satsinga på helsefremjande skule er forankra i *Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle 2014–2025, Handlingsprogram 2014–2017*.

Forankring

Arbeidet med den helsefremjande skulen er forankra i opplæringslova, folkehelselova og fylkestingsvedtak.

Opplæringslova pålegg at skulen skal fremje helsa til barn og unge. Alle elevar har rett til eit fysisk og psykososialt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, og som gir elevane eit godt grunnlag for meistring og utvikling.

Formål og hovudområde for prosjektet

Formålet med *Prosjekt helsefremjande skule* er å auke kompetansen om samanhengen mellom helse og læring. Elevane skal bli rusta til vaksenlivet ved at dei har gode og helsefremjande vanar. *Prosjekt*

helsefremjande skule skal gje elevane rammer til å kunne foreta val som fremjar helse og livskvalitet. Prosjektet skal vere integrert i skulen sin kvardag, og inngå som naturleg element i skulen sine aktivitetar. Dette skal gjerast gjennom å etablere ei helsefremjande forståing for alle som er knytt til skulen, og tenkje helse og helseomsyn inn i skulen sine avgjersler.

Prosjekt helsefremjande skule skal bidra til at pilotskulane gjennomfører ein strukturert og systematisk plan for helse, trivsel og utvikling med fokus på:

- 1. Fysisk aktivitet**
- 2. Ernæring**
- 3. Psykisk helse**

Pilotprosjektet skal prøve ut ulike måtar for organisering, administrering og implementering av helsefremjande tiltak i skulen.

Involverte skular og samarbeidspartnarar

Følgjande skular deltek i pilotprosjektet:

- Knarvik vidaregåande skule
- Sandsli videregående skole
- Fitjar vidaregåande skule
- Voss Gymnas

Arbeidet vil skje i tett samarbeid med eitt eller fleire kunnskapssenter i fylket, alt etter kva område den einskilde skulen vil ha som sitt hovudfokus. Blant samarbeidspartnarane i prosjektet er Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet, Høgskulen i Bergen og Folkehelseinstituttet.

Tidsramme

Pilotprosjektet skal gjennomførast 2 skuleår i perioden 2015-2017.